



Dato : 17.10.2014
Vår ref. : 2014/1268 - 9864/2014
Dykkar ref.: : 14/3274 1
Dykkar dato: : 24.06.2014

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

HØYRINGSUTTALE NOU 2014:5 MOOC TIL NORGE - NYE DIGITALE LÆRINGSFORMER I HØYERE UTDANNING

MOOC-utvalet fekk som mandat å kartleggje utviklinga, samanstillе kunnskap og gi tilrådingar til korleis norske myndigheiter og institusjonar skal forholde seg til utviklinga og bruke dei mulighetane teknologien gir.

Det er eit interessant arbeid MOOC-utvalet har gjort og det er viktig for Høgskulen Stord/Haugesund å få kommentera dei tilrådingar og konkrete tiltak som kjem fram i rapporten. Det er særleg to grunnar til at vi meiner våre innspel er viktige og det er:

- 1) vår lange erfaring med nettbaserte læringsmodellar og
- 2) erfaringa med nye samarbeidsmodellar som er utarbeidd etter SAK-satsinga til departementet

Bakgrunn

HSH er ein av dei mellomstore norske høgskulane. Vi har to campusar og ligg i eit geografisk område med både ferjer og smale vegar. Det er høg kompetanse i høgskulen og i næringslivet, særleg fordi distriktet er av dei mest industriettede områda i landet.

Teknologi vart tidleg tatt i bruk for å nå ut til fleire studentar med våre kurs- og studietilbod. Samtidig var det viktig for HSH å få til samarbeid der høgskulen sjølv ikkje sit med tung kompetanse. HSH var sentrale i utviklinga av NITOL (Noregsnett med IT for Open Læring) frå 1993. 4 institusjonar samarbeidde om ein felles kurskatalog og kunne tilby om lag 30 kurs via nettet. Eksamensansvaret og tildeling av vektal var lagt til institusjonen som tilbydde kursa. NITOL vart avslutta i 2008 og oppsummerer med at samarbeidsmodellar krev eit stort administrativt apparat og ein treng fokus på utvikling av nye metodar, dokumentasjon og drøfting av ny strategi. NITOL var viktig for etablering av Nettverksuniversitetet og Norgesuniversitetet. HSH gjekk sjølv i brodden for fleire prosjekt som MECPOL (Models for European Collaboration and Pedagogy in Open Learning) og MENU (Models for a European Networked University for e-learning).

Dei nevnte prosjekta frå HSH gjekk føre seg i ein periode då dei teknologiske mulighetane ikkje var i nærleiken av det vi ser i dag. Når det er sagt, peikar MOOC-utvalet på fleire av dei same utfordringane som HSH kjenner frå sitt e-læringsarbeid. Omstillingsarbeid med innføring av nye digitale læringsformer er krevjande fordi ein må vidareutvikle og evaluere pedagogiske og didaktiske modellar.

HSH sine tidlege initiativ var styrt av eldsjeler og ei avgrensa mengde kurs- og studietilbod. I seinare tid har HSH vore oppteken av at heile organisasjonen skal vera «tidsriktig» og arbeida for fleksible læringsformer. Styret ved HSH har sett av midlar til prosjektet «Kampusbasert E-læring»

Postadresse:
Klingenbergsvegen 8, 5414 STORD
Besøksadresser:
Klingenbergsvegen, Stord
Bjørnsons gate 45, Haugesund

Telefon:
+47 53 49 13 00
Telefaks:
+47 53 49 14 01

E-post:
postmottak@hsh.no
Internett:
www.hsh.no

Saksbehandlar:
Kirsten Bakken
Direktetlf.:
53 49 14 67

og ei prosjektgruppe har jobba med pedagogisk og teknisk støtte for dei tilsette ved HSH i samband med e-læring- og digitale samhandlingsaktivitetar. Erfaringane fra desse aktivitetane er oppsummert og dokumentert. Ein av erfaringane samsvarer med NOU 2014:5 s12 «*Skal mulighetene som ligger i MOOC utnyttes, kreves imidlertid vilje til omstilling og satsing både fra myndighetenes og institusjonens side*».

Kommentarar til utvalet sine tilråingar

Utvalget definerer MOOC som tilbod som er nettbaserte, skalerbare med omsyn til antal deltakarar og som er opne. Samtidig skriv dei at NOUen dekkjer både MOOC og «liknande tilbod». «Liknande tilbod» vil sei at ein omtalar tilbod med og utan kursavgift, med ulike kvalifikasjonskrav og opne læringsressursar. Etter og vidareutdanning og fleirårige studiepoenggivande gradsstudier er også inkludert.

Denne utvida definisjonen, samt undertittelen «Nye digitale læringsformer i høyere utdanning», var nødvendig og gjer innhaldet i NOUen svært interessant for HSH. Temaet har vore eit satsingsområde hos oss lenge og vi har som tidlegare nevnt fleire typar erfaringar med ulike modellar. Det handlar om å få til kombinasjonsløyser. MOOC kan vera ein del av utdanninga som einskild kursmodul, som eit studiekraft eller som modell for tilrettelegging av fagstoff. Eventuelt som fordjupningsstoff for studentane. I ein slik utvida definisjon må ein sjå på utdanning og læring som ei stor, kompleks og samansett oppgåve og ikkje noko som kan reduserast til ferdige, sjølvgåande og masseproduserte «pakkar med kunnskap».

Kapittel 3 gjer greie for utvalget sine tilråingar og seier noko om budsjettkonsekvensar. (130-380 millionar årleg). Dei kan kort oppsummerast slik:

1. MOOC plattform
2. Sentral støttefunksjon (pedagogisk og teknologisk støtte) – 40 mill.
3. Systematisk satsing på forskingsbasert kunnskapsutvikling – 15 mill.
4. Etablere miljø for forskingsbasert kunnskapsutvikling – 15 mill.
5. Kompetanseutvikling med bruk av MOOC – 50- 300 mill.
6. Forsert utdanning – 10 mill.

HSH meiner særleg at punkt 2 og 3 er avgjerande i den vidare satsinga. Til desse to punkta har vi nokre kommentarar:

- *Sentral og lokal satsing*

Sentralisering av oppgåver er nødvendig, men nye insentivordningar og lokal økonomisk tildeling må i tillegg leggjast til den einskilde institusjon. Utvalget nevner at ein kjem til å sjå eit stort og variert spekter av nye digitale læringsformer i høgare utdanning og desse må byggjast lokalt. Ved HSH har ein gjennom UH Nett Vest samarbeidet sett saman fleire fagmiljø på Vestlandet for å levera eit breitt valgfagtilbod i lærarutdanninga. **Høgskulane må sjølv ha den pedagogiske og organisatoriske kompetansen for å byggja slike tilbod og alliansar.** Årsaka til dette er at det varierte spekteret vi kjem til å sjå er så stort. Ulike studentgrupper, utdanningstilbod og ulike digitale løysingar. Større byar og større institusjonar har andre behov og har erfaring med andre typar nettmodellar. Som rapporten tek opp dreier dette seg om utvikling av undervisning, og det er kjent at insentiva for dette er langt lågare enn for forskning. Vi støttar utvalget sitt forslag om bedre insentiv for auka kvalitet i undervisning og for meir innovative læringsformer (s.59)

Ein treng ei sentral og lokal satsing samtidig. Det er ulike modellar for dette. Senter for IKT har vore eit nasjonalt senter som har jobba med teknologi inn mot lærarutdanning og barnehagelærarutdanning med mål om at dette skal auke kvaliteten i utdanningane, gi betre læringsutbytte og betre læringsstrategier. På tross av ei langvarig satsing ser ein lite bruk av

teknologi i desse to utdanningane over heile landet (NIFU, 2014). Vi meiner det er trong for «Senter for IKT i utdanningen», men vi treng meir tilføring av ressursar direkte til institusjonane. Eit anna døme der offentlege midlar ikkje fekk den effekten ein ønska var i satsinga «Kompetanse for kvalitet». Utdanningsdirektoratet vart eit fordyrande mellomledd som fekk konsekvensar for økonomi, gjennomføring og kvaliteten i utdanningstilboda. Ei sentral satsing som har vore viktig for oss er eCampus-programmet og arbeidet til UNINETT. Vi er difor positive til ein nasjonalt tilgjengeleg plattformressurs, men ser ikkje kvifor den nasjonale pedagogiske og teknologiske kompetansen nødvendigvis må lokaliserast i tilknytting til plattformressursen (s. 67).

- *Oppbygging av kompetanse*

I følgje NOUen treng UH- sektoren ein uunnværlig «hybridkompetanse» for å klare å utvikle og drifte fleksible utdanningar (s. 53) Denne kompetansen ligg i skjæringspunktet mellom pedagogikk, administrasjon og teknologi. Ved institusjonane må vi sjølv organisere og setje saman denne komplementære kompetansen i gode team. Våre erfaringer er at ein må byggje denne kompetanse på nytt fordi han i liten grad eksisterer i institusjonane i dag. Nasjonale og lokale tilbod om høgskulepedagogikk har i dag for lite fokus på dette. Den forskingsbaserte kunnskapsutviklinga må også knyttast til institusjonane. Det er lite evaluering og forskingsaktivitet på dei nettstøtta undervisningsmodellane ein har i dag. Frå HSH ser vi ei ny lærarrolle, ei ny studentrolle og forskings spørsmål som kan knytast til læring og undervisning.

Mange av dei norske initiativa er sett igong med god støtte frå Norgesuniversitetet.

Norgesuniversitetet gir ikkje støtte til forskning på prosjekta, men er opptekne av erfaringsdeling og spreing av god praksis. Dette har fungert som kompetansebygging, men vi treng ei betre oversikt over kva som eksisterer av modellar og utdanningar.

Oppsummering

HSH meiner utvalget har gjort eit godt arbeid med rapporten og gjort greie for mange av dei utfordringane vi sjølv har erfart. Dette gjeld til dømes spørsmål rundt studiepoengproduksjon, kvalitet i nettstøtta høgare utdanning, opphavsrett, samarbeid og ikkje minst økonomi. Som mellomstor institusjon er vi avhengige av sentrale løysingar og samarbeid med andre. Samtidig treng både dei mindre og større institusjonane eit handlingsrom for å få til ei vidareutvikling. MOOC-omgrepet møter motstand i høgskulen vår som hos andre institusjonar. Interesse og viktigheten av NOUen vart styrka med undertittelen «Nye digitale læringsformer i høyere utdanning».

Gjennom vår historie har vi sett at eit omstillingsarbeid med innføring av nye digitale læringsformer er krevjande. Spesielt gjeld dette vidareutvikling av, og evaluering av pedagogiske og didaktiske modellar som må gjerast lokalt i institusjonane. Dette er både dyrt og krevjande arbeid.

Med venleg helsing

Liv Reidun Grimstvedt
Rektor
Høgskolen Stord/Haugesund